

Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 18/2232-4

Fordeling av midlar til mindre utbetringar - tiltak for framkome og trafikktryggleik 2018

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Midlar til mindre utbetringar – tiltak for framkome og trafikktryggleik vert fordelt slik:
Fv. 243 Møteplassar Aurland – Bellsvingen 2,6 mill. kr

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

HS-sak 11/2018 Fordeling av midlar til mindre utbetringar - tiltak for framkome og trafikktryggleik 2018.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Det er i budsjettet for 2018 sett av 15 mill. kr til «Tiltak for framkome og tryggleik» under posten for mindre utbetringar. I HS-sak 11/18 vart 12,4 mill. kr av denne løyvinga fordelt. I denne saka gjer vi framlegg til å nytte resterande del av løyvinga på 2,6 mill. kr.

Sentrale problemstillingar

Det er trong for fleire møteplassar på strekninga fv. 243 Aurland sentrum – Bellsvingen. Ved å byggje fire møteplassar på denne strekninga vil vi langt på veg løyse trafikkutfordringane på vegen mellom sentrum og Stegastein. Denne strekninga har store utfordringar med framkome, spesielt i turistsesongen.

Det vil vere ein økonomisk gevinst å kunne få utført dette arbeidet no i samkøyring med kontrakten på Bellsvingen. Det er også ein fordel å kunne utføre arbeidet utanfor turistsesongen.

Aurland kommune har sprengstein frå Flenjatunnelen i Flåm. Dei har også fresemassar på same staden. Desse massane kan brukast til bygging av møteplassar. Massane er «gratis», men det kostar opplasting og transport.

Det vert lagt opp til å bygge to møteplassar i år og to til neste år. Kostnaden er førebels vurdert til 2,6 mill. kr.

Andre opplysningar

Statens vegvesen har signalisert at det kan bli behov for å auke løyvingane til nokre av prosjekta med møteplassar som vart løyvd i HS-sak 11/18. Dette gjeld prosjekta fv. 698 Blakset – Blekesvingen, fv. 422 Nye møteplassar i Gaular og fv. 609 Nye møteplassar i Aksvoll.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake til desse prosjekta i samband med tertialrapport 1/19.

2. Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår at det vert løyvd 2,6 mill. kr til bygging av 4 nye møteplassar på fv. 243 mellom Aurland sentrum og Bellsvingen.